



Svein Atle Nipen leiar KB. Foto: Geir Remme

Ved siste årsskifte hadde Kvinnherad Breiband ein marknadsandel på 64 prosent og kunne tilby ADSL eller fiber til 99 prosent av alle hushald og verksemder i kommunen. 98 prosent kan få fiber. Selskapet skriv i årsmeldinga at dette er eitt av dei beste breibandstilboda i landet.

Kvinnherad Breiband reknar i år med å få ei overskot på 4 millionar mot 2 millionar i fjor. Det gode resultatet skuldast auka kundemasse, betre dekningsbidrag etter overgang til GET og sterk fokus på kostnader.

Framtidsutsiktene er gode, men konkurransen stor. Det er difor viktig å oppnå ein høg marknadsandel der ein byggjer ut nettet.

No har KB 2973 kundar etter ein auke i fjor på 260 med fiber og etterspurnaden etter fiber er framleis stor,

ADSL vart i 2011 redusert frå 269 til 145. Selskapet har 4 tilsette fast.

Av Ola Matti Mathisen